

# Klassikar frå Kolve

Med CD'en «Innover» har ikkje Ivar Kolve og hans medmusikantar Sèbastien Dubè på bass og Stein Inge Brækhus på trommer og perkusjon berre skote ein innertiar; dei har rett og slett rassert heile blinken. «Innover» er ei melodisk, klangleg, rytmisk og instrumentalteknisk nyting av dei heilt sjeldne.

Med unnatak av opningsnummeret «Another blues for Yvard» (Dubè) og «Fattig ynskje» (Per Indrehus), er all musikken komponert av Ivar Kolve. Han har òg, utan unnatak, arrangert musikken for trioen. Om nokon

skulle ha vore i tvil, avslører Kolve seg som ein delikat feinschmecker og tonekunstnar av rang.

«Innover» inneheld musikk å verta glad av, men òg musikk for dei stillare stundene i livet. Stundene der du har trong for å setja deg ned og tenkja gjennom «min stilling og min stæinn'» som Prøysen sa det. Alternativt kan du òg berre lata att augo, reinska skallen for stress og uro, og berre nyta. I lange drag. Du vil garantert vera i betre balanse etter ei økt med Kolve & Co.

NILS KVAMSDAL | tekst  
nk@avisa-hordaland.no